

Til Kultur- og kyrkjedepartementet

## **Lov om stadnamn - høyringsvar frå Regionrådet Nordhordland IKS**

Regionrådet Nordhordland IKS er eit politisk samarbeidsorgan for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy og med kommunane Gulen, Modalen og Osterøy som assosierte medlemmer. Ei av oppgåvene til Regionrådet er å vera felles politisk påverknadsorgan for kommunane i regionen i høve til m.a. statlege styresmakter.

Til høyringsutkastet til endring av lov om stadnamn, som KKD har sendt kommunane i brev av 04.02.04, har Regionrådet nedanståande tilbakemelding:

Vi er samde i målsettinga med revisjon av lova. Gjeldande lov er for lite klår og ikkje minst er sakshandsamingsreglane for kommunane tungvinte, lite tenlege og urimelege. Framlegget rettar litt på desse tilhøva, men på langt nær så mykje som ønskjeleg.

Særleg finn kommunane det urimeleg at dei skal utføra arbeid og bera kostnadene med pålagt kunngjering av vedtak der Staten er vedtaksorgan. Det normale er at vedkomande vedtaksorgan har ansvaret for og ber kostnadene med kunngjering av eigne vedtak. Dette bør og vera regelen i høve til stadnamnlova! (Med den teknologiske utviklinga vi har hatt, er hovudgrunngevinga for dagens regel falle bort og dette bør ein ta konsekvensen av ved denne revisjonen.)

Elles meiner vi at storparten av rutinane kring kunngjeringa nå, med eitt unntak, kan forenklast til at vedtaksorgana gjennomfører pålagt melding til det sentrale stadnamnregisteret (SSR). Namnevedtak som gjeld sak der eigar/festar kan reisa namnesak, er det naturleg at vedtaksorganet gjev direkte tilbakemelding om vedtaket saman med opplysing om klageretten.

**Det må gå fram av lova at SSR skal vera allment og gratis tilgjengeleg for brukarane via Internett. Vi er heilt usamde i ein politikk der brukarane skal måtta betala for å få informasjon om korrekt skrivemåte av stadnamn, når lova i tillegg pålegg kommunane å skriva namna i samsvar med den forma SSR har i registeret! Tilrådd tillegg til § 12 må strykast.**

Når det gjeld saker som kommunane har avgjerdsretten i, bør ein og ta med stadnamn som blir nytta som identitet for og i arealplanar som kommunen vedtek i medhald av plan- og bygningslova. Her har ein heilt analoge tilhøve til gjeldande regelverk for adressearbeidet.

Namnevedtak vedkjem ikkje rettstryggleiksspørsmål. Derfor bør lova klart gje uttrykk for at klage etter lova ikkje har utsettande verknad, i alle høve for vedtak gjort av kommunen. Det er viktig at kommunane straks vedtak er gjort, kan følgja desse opp til dømes i adressearbeidet.

Når det gjeld framlegget til endringa i § 4, ønskjer vi ut frå formålet med lova (§1) som vi er samde i, at ein kan nytta eit "både og prinsipp". Kulturvernet blir best teke vare på dersom ein for eksisterande namn nyttar "den nedervde lokale uttalen". Det gjeld og når slike namn blir nytta til nye formål, t.d. adresse, plannamn o.l., men at ein for nyskapa stadnamn nyttar "den lokale taleforma". Om 50 - 100 år er den endra. Dette bør normalt ikkje medføra endring av skriftformer for offisielt fastsette stadnamn som har vore i bruk i lang tid og innarbeidd på skilt og i kart. Ein slik "både og regel" skapar og minst arbeid og kostnader for kommunane og minst irritasjon for publikum.

Som vedlegg til denne fråsegna følgjer ei meir konkretisering av ovanstående utarbeidd av ansvarleg fagadministrasjon for stadnamn og adressearbeidet i regionen.

Regionrådet Nordhordland IKS, den

Håkon Matre (leiar)

Eilif Berntsen (dagleg leiar)

## Vedlegg til

### Regionrådet Nordhordland IKS sitt høyrings svar - Lov om stadnamn

(KKD sitt brev til m.a. kommunane av 04.02.04.)

Arbeidsgruppa for namneaktiviteten i adresseprosjektet for region Nordhordland og Gulen har vurdert KKD sitt framlegg av 04.02.04 til revisjon av lov om stadnamn. Ut frå målsetinga med revisjonen har vi nedanståande merknader og framlegg til endringar (skrive med raud farge):

#### § 2 Definisjonar boksav c.

Dei tre siste orda i definisjonen bør strykast. (Hovudregelen er at feste blir registrert under eit bruksnummer. Men det finnes nokre feste som er registrert direkte under eit gardsnummer eller ein allmenning.)

#### § 4 Reglar om skrivemåten

For best å kunna ivareta kulturverninteressene i lova samstundes med at arbeid og kostnader for kommunane kan haldast på så lågt nivå som råd, bør første setning få eit lite tillegg. Vi **tilrår** derfor at **første setning blir uendra** og at det deretter blir sett inn følgjande **to nye setningar**:

*Det gjeld og eldre namn som blir brukt til nye formål, t.d. adresse, plannamn o.l.. For andre nylaga stadnamn skal ein ta utgangspunkt i den lokale talemålsforma.*

Dette vil i tillegg skapa minst irritasjon hjå "dei som eig" namna. Offisielt vedtekne stadnamn blir til vanleg oppfatta som eigenamn, (ord/nemning som ikkje blir endra som følge av rettskrivingsendringar).

#### § 5 Fastsetjing av skrivemåten

Her bør ein samordna reglane i stadnamnlova med reglane i komande kartforskrift til § 5 i plan- og bygningslova. Dette kan gjerast ved eit lite tillegg under opprekninga av kva namnesaker som kommunen avgjer. Vi tilrår at dette avsnittet i ny § 5 blir lydande:

*Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på tettstader, grender, bydelar, kommunale gater, vegar, torg, bustadfelt, anlegg o.l. Kommunen gjer også vedtak om skrivemåten av alle namn som skal brukast som **identitetsnamn for og i arealplanar etter plan- og bygningsloven** og til offisiell adresse etter § 4-1 i delingslova. Elles gjer fylkeskommunen, vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.*

**Slettet:** , med unntak av  
bruksnamn

Endringsframlegget er ei analog oppfølging av det som er formulert for adressenamn. Det vil forenkla prosessen og ikkje minst får kommunane resultatet samordna med vedtaka etter plbl. Dette er og i samsvar med at plbl er overordna andre særlover i høve til planvedtak. (Strykinga er gjort for å få rasjonell sakshandsaming. Eigarane sine interesse er fullt intakt med våre framlegg til formuleringar i §§ 6 og 10).

#### § 6. Nærmare om saksbehandlinga

Det er urimeleg at kommunane skal ha dei arbeida og kostnadene som dei har etter dagens regelverk, for namnesaker der andre enn kommunen er vedtaksorgan. Her bør ein nytta høvet til å rette på tilhøva. Dertil gjer den teknologiske utviklinga og sjølve saksspørsmålet det naturleg å forenkla krava til kunngjeringsplikt. Dette bør koma klårt fram i lova. Vi tilrår derfor følgjande endringar i første og andre avsnitt:

*Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend **av vedtaksorganet** for dei som har rett til å uttale seg. Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, og deira synspunkt skal tilleggjast særskilt vekt. Kommunane har rett til uttale seg*

når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. *Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonulentane gi tilråding om skrivemåten.*

*Eigar eller festar skal få vedtak som gjeld bruksnamnet for eigedomen tilsend direkte saman med opplysning om klageretten.*

Slettet: saka

Slettet: I tillegg skal saka kunngjerast i minst 2 aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjent på annan høveleg måte.

Med bakgrunn i våre framlegg til endring av § 12, bør KKD revurdere trongen for siste avsnitt av dei siterte avsnitta. Truleg vil ein ved vår tilrådde endring kunna sløyfa denne varslingsplikta for offentlege vedtaksorgan.

Namnesaker i tilknytning til planar etter plbl bør vera integrert i sjølve planprosessen og følgja regelverket om sakshandsaming etter plbl.

Det er ein mangel ved regelverket at det ikkje er klare reglar om frist for uttale i namnesakene. Vi tilrår derfor at § 6 får følgjande tillegg (nytt sisteavsnitt):

*For sakshandsaminga gjeld fristar fastsett i forskrift til lova, jf. § 14.*

(Kva som vil vera høvelege fristar, er ikkje handsama i saksframlegget. Difor denne formuleringa som kneset prinsippet om at partane skal innordna seg etter fristar i sakshandsaminga. Dei konkrete tala kan KKD koma attende til i den etterfølgjande endringa av forskriftene. For plannamn o.l. saker etter plbl bør ein ha samanfallande fristar.)

#### § 9. Bruk av stadnamn

Av førearbeida går det klart fram at ein må iverksetje omfattande informasjonstiltak om ein skal nå målet formulert i denne paragrafen. **Men like viktig er at brukarane skal ha ein enkel og praktisk brukstilgang til kva som er rett skrivemåte av stadnamna.** Ein måte som tenestefolka i kommunane ser som ein god strategi, er at rett skrivemåte av stadnamna i kommunen blir integrert i ordlistene i dei teksthandsamingssystem kommunen nyttar, og at ein har enkle rutiner for oppdatering av denne delen av ordlistene.

#### § 10 Klage

Vi er samd i at klage på vedtak skal være grunnitt og at dette blir presisert i lova. Men tidsbruken i klageprosessen vil kunna medføre store ulemper for kommunane om klage skulle kunna ha oppsettande verknad. All den tid klage etter lova ikkje vedkjem rettstryggleik i vanleg forstand for partane, bør det klart gå fram at klager etter loven ikkje har oppsettande verknad. (Konsekvensen av endring som følgje av klage er ei endring av skriftform, samme som for endringar som følgje av regelen i ny § 7 Gjenopptaking.) Vi tilrår følgjande formulering av første avsnitt:

Vedtaket om skrivemåten kan påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a og b har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. *Klagen skal grunngivast og vera skriftleg. Framført klage har ikkje oppsettande verknad.* Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast.

#### § 12. Stadnamnregister

Vi ser stadnamnregisteret (SSR) som ein viktig reiskap til effektivisering av sakshandsaminga og til å nå målsettinga med at offentlege tenestetakarar (og andre) skal nytta rett skrivemåte for stadnamna, jf. § 9.

Etter vårt syn bør det vera tilstrekkeleg å kunngjere kva som er vedteken skriveform for stadnamna ved at vedtaksorganet legg opplysningane inn i SSR etter kvart som vedtak blir gjort. (Tilsvarande rapportering som gjeld for GAB der oppdatering skjer direkte.) **Men dette forutset at SSR er allment og vederlagsfritt tilgjengeleg over Internett. Det høyrer**

**ingenstad heime at den som er pålagt å nytta den skriftforma som stadnamnet har i SSR eller på annan måte treng informasjon om fatta vedtak, skal måtta betala Statens kartverk (eller andre som har dette forvaltaransvaret) for tilgang til informasjonen.**

Vi tilrår derfor at siste avsnitt i framlegget blir stroke og at nåverande sisteavsnitt får eit tillegg som ivaretek det framførde. Avsnittet kan då lyde slik:

Opplysningane i registeret er offentlege *og gratis tilgjengeleg via internett.*

Knarvik, den 12.03.04

Arbeidsgruppa for namnearbeidet i adresseprosjektet for region Nordhordland og Gulen

Kjell - Tore Karlsen Austrheim kommune	Øyvind Tolleshaug Fedje kommune	Øyvind Norstrøm Gulen kommune	Jostein Mykletun Lindås kommune
---	------------------------------------	----------------------------------	------------------------------------

Øyvind Tøsdal Masfjorden kommune	Arnt Svein Brakstad Meland kommune	Kjell Langelan Modalen kommune	Robert Mjøs Radøy kommune
-------------------------------------	---------------------------------------	-----------------------------------	------------------------------

Torbjørn Trageon  
Regionrådet, prosjektleiar